

Første skitur - ei superoppleveling!

15.03.2016



Koseleg matpause rundt bålpanna.

Tirsdag vart ein superdag i Fjellhaugen for mange skuleelevar. Dei gode vermeldingane hadde heldigvis lokka minst 5 skular til fjells denne fantastiske vårdagen. Rosendal ungdomsskule, Uskedal skule, Bringedalsbygda skule og Omvikdalen skule var på plass saman med elevane frå Vaksenopplæringa.



Uskedelingar klar til å prøva ski for første gong. Abdirizaq(Myro), Thomas(jobbar hos Hjønnevåg), får instruksjon hos lærar A. Hauge, Mohamed, Ali og Mowlid(alle tre, Beinavikjo).

Frå Vaksenopplæringa var i underkant av 50 elevar på skitur, og for dei aller fleste var det aller første gong dei hadde ski på beina. Nokre få hadde vore med på tilsvarande tur i fjar. Det var elevar frå Eritrea, Somalia, Syria, Polen, Litauen, Sør-Afrika, Fillepinene, Thailand, Bulgaria, Afganistan, ja, heilt sikkert fleire nasjonar, som hadde det til felles at dei aldri hadde prøvt ski før. Felles var det også at alle fekk stor glede av å prøva, og alle meistra det flott til å vera første gongen!

Knut-Arild Sørensen frå Friluftsrådet Vest var ein krumtapp i opplegget. Han hadde bilen full i skiutstyr til alle. Dessutan hadde han med både sitjeunderlag og bålpanne til pauseøkta. Ja, og så må vi ikkje gløyme alle variantane av akebrett som skapte mykje lått og moro.

Første økta var det skitrening for alle nede på flaten på langrennsstadion. Med passeleg mjukt føre hadde alle førstegangsløparane imponerande framgang. Nokre brukte også deler av denne økta i akebakken. Uansett aktivitet og knall og fall, var det jubel og smil over alt!

Det var matøkt rundt bålpanna med høve til grilling, og med Kvik Lunsj til dessert. Etter dette vart elevane delt i fleire grupper etter ønskje. Nokre trenar vidare nede på flaten, nokre gjekk ein litt lengre skitur og fekk prøva seg på litt utfordrande utforkøyringar, og nokre prøvde seg i det vesle skitrekket. Vi kan trykt sei at absolutt alle variantar var ein suksess!

Våre nye landsmenn fekk verkeleg smaka på kor fantastiske naturopplevingar det nye heimlandet deira har å by på. Etter denne dagen skjønar dei nok kvifor nordmenn er så glade i å gå på ski. Fleire hadde bestemt seg for å kjøpa utstyr på Finn Kvinnherad eller andre stader. Ein del av dei såg berre ein vanske, og det var at det ikkje gjekk buss til Fjellhaugen.



Ali frå Beinavikjo fekk god fart i sporet etter kvart!

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland